

LILLKJERSTI SOM STALLDRENG

Der bud - de en Bon - de paa Ø - ste - val - la Si, aa den
 lil - le; han had - de to Døtt - rar aa stau - te va vel
 di, i vor Stald tjen - te hun i stor Løn - dom.

Der bodde en bonde på Østervalla si
 -å den lille-

Han hadde to døttre og staute var vel di
 - i vor stald tjente hun i stor lønndom.

Liti Kjersti ho selde si kåpa blå,
 så kaupte ho att ein gangare grå.

Liti Kjersti ho kom seg riandes i gård,
 kongjen ute fyr henne står.

"Eg helsar deg kongje! eg spørje deg må:
 tar du ingjen stalldreng i år?"

"Slåke små drengjir lika eg best,
 eg tar ein stalldreng, eg tar kje hans hest."

Peder, kongjens son svara til:
 Hesten sko stande på stall med min.

Hesten sko stande på stall med min,
 sjølv sko han sova med meg unde lin."

Liti Kjersti var hovdreng i åtte år,
 det niende året ho gjekk med bån.

Så kom der bod i kongjens gård:
 "Din stalldreng hev fengji så vent eit bån."

"Eg hev vore kongje i tredve år,
 min stalldreng hev all dri født bån fyrr no."

Herr Peder han falt fyr kongjen på kne:
 "Å kjære min fader, du gjeve oss te!"

Kongjen gav Peder eit peningskrin:
 "Det sko du have fyr treiskheiten din.

Tak no liti Kjersti og set på ditt fang,
 gjev a gullkrona og droningnavn!"